



Årets tema:  
MILJØKRIMINALITET

# Krimfest

SUNNFJORD

29. september–2. oktober 2010

## HANS OLAV LAHLUM

GUNNAR STAALESEN | KNUT LINDH

CHRIS TVEDT | ESPEN HOLM

- Kva skjedde i Sløvåg?
- Vi tek debatten, m.a. med NRKs Håkon Haugsbo
- Årets lokale forfattar: Marita Liabo



[www.krimfest.no](http://www.krimfest.no)

# Krimfest

SUNNFJORD

Velkomen til ei ny utgåve av Krimfest Sunnfjord – den femte i rekkja! Også i år kan vi by på spennande forfattarar og aktuell debatt.

Du kjenner sikkert **Hans Olav Lahlum** som forfattar av store biografar, men som krimforfattar debuterte han 23. august med boka *Menneskefluene*. Han var ikkje vanskeleg å be til Førde for å delta i

bokbad saman med **Gunnar Staalesen**!

Staalesen kjem i haust med ny bok med tittelen *Vi skal arve vinden*. Det er ingen løyndom at han også denne gongen legg trådar til Sogn og Fjordane i handlinga.

På Quality Førde Hotel møter du også Knut Lindh. Den tidlegare TV-journalisten er i år ute med sin andre kriminalroman med tittelen *Blodsbrødre*. Lindh fekk strålende kritikkar for debutboka i fjor.

Til den populære krimfjosen i Angedalen har vi i år invitert **Chris Tvedt** – også han aktuell med ny bok i år. Men vi har meir å by på. Du møter **Gert Wibe** som var scenograf for den nye Varg Veum-filmen, *Dødens drabanter*, som i sommar delvis vart innspelt i Førde og i Angedalen. Så det blir krim både i film- og bokform i fjosen i år.

Laurdag er debattdag under Krimfest Sunnfjord. Årets debatt-tema er miljøkriminalitet, og utgangspunktet er eksplosjonen i Sløvåg i Gulen i 2007. Dette er noko av det mest dramatiske som har hendt i Sogn og Fjordane i fredstid, og NRK har stått sentralt i opprullinga av kva som førte til eksplosjonen. Av den grunn er det hyggeleg at Førde sin eigen kjende grave-journalist i NRK, **Håkon Haugsbø**, er ein av fleire som vil bidra med sin kunnskap.

**Marita Liabø** er ein av dei mest spennande lokale forfattarane for tida. No har du sjansen til å møte ho under bokkaféen på Quality Førde Hotel laurdag!

Velkomen til krimfesten vår!

JUDITH HEGRENES  
programansvarleg



## ONSDAG 29. SEPTEMBER

21.00 Krim-quiz på Pikant

Premien er 4 billetter til Mord og Middag 2. oktober (verdi kr 1980,-)

## TORSdag 30. SEPTEMBER

20.00 Opningskveld på Quality Førde Hotel

Billettpris kr 195,-. Førehandssal av billetter på Quality Førde Hotel og Servicetorget. Billetter til kr 200,- blir selde i døra.

Opningskvelden på Quality Førde Hotel byr i år på bokbad med både ein spennande krim-debutant, ein krim-veteran og ein TV-journalist som har satsa på krim. Du kan møte krim-debutanten Hans Olav Lahlum som hittil er mest kjend for sine biografier om framståande nordmenn og utlendingar. I august debuterte han med *Menneskefluene* som var imøtesett med stor spenning blant krimelskarane. I år kan du også møte forfattaren og journalisten Knut Lindh. Han kjem i haust med sin andre

kriminalroman – *Blodsbrødre*.

Heller ikkje i år sviktar vår eigen gudfar, Gunnar Staalesen, Krimfest Sunnfjord. Han vil fortelje om si rykande ferske bok *Vi skal arve vinden* som mellom anna handlar om omstridde vindmøller i Gulen.

Opningskvelden byr også på god musikk. Få med deg *Vargtime* med Jan Kåre Hystads kvartett og Gunnar Staalesen! Opningskvelden blir leia av Anne Mette Hjelte.



KNUT LINDH

Foto: Privat



HANS OLAV LAHLUM

Foto: Fredrik Arff



GUNNAR STAALESEN

Foto: Trygve Schønfelder



**CHRIS TVEDT**  
Foto: Line Møllerhaug

## FREDAG 1. OKTOBER

**10.00** Bokbakkeløp på Angedalen skule (lukka arrangement).

Mette Karlsvik fortel frå boka si *1-2-TRE*

**19.30** Krimnatt i fjøsen på Hegrenes Bruk

Billett kr 195,-. Billetter til sals ved Quality Førde Hotel og Servicetorget. Ledige billetter til kr 200.- i døra.

Under krimnatta i den populære fjøsen i Angedalen møter du Chris Tvedt som presenterer sin nye roman *Dødens sirkel*. Dette er femte boka i den kritikkaroste serien om forsvarsadvokaten Mikael Brenne.



Vi kan også by på eit møte med Gert Wibe som var scenograf for innspelinga av filmen *Dødens drabanter* som er basert på Gunnar Staalesens bok – med Trond Espen Seim i hovudrolla. Delar av filmen vart i sommar produsert i Førde, mellom anna på Hegrenes Bruk. I fjøsen vil du kunne sjå råfilm frå opptaka i Førde! I tillegg vil Gert Wibe fortelje både om produksjonen av denne filmen og andre krimfilmalar.

Musikk ved jølstringen Erlend Apneset som er elev ved Ole Bull-akademiet.

*Det blir sal av drikkevarer og krimsuppe. Gratis transport med buss frå Quality Førde Hotel klokka 19.00, med retur ein time etter programslutt. Privatbilar parkerer ved Indre Angedalen skule, og vi går samla derfrå i fakkeltog ca. kl. 19.30*



**TROND ESPEN SEIM**  
Foto: Katrine Sele

## LAURDAG 2. OKTOBER

12.–15.00 Bokkafé på Quality Førde Hotel  
med fokus på miljøkriminalitet

Billett kr 50.– Berre billettsal i døra.

På den populære bokkaféen kan vi i år by på ein spennande debatt om miljøkriminalitet med utgangspunkt i den dramatiske eksplosjonen i Sløvåg i Gulen i 2007. Her blir det innleiing av mellom andre den kjende TV-journalisten Håkon Haugsbø frå Førde, Gulen-ordførar Trude Brosvik, journalisten Trude Bakke frå NRK Sogn og Fjordane og Marius Dalen frå Bellona.  
Debatteiar: Hans Jakob Reite.



Forfattere Espen Holm fortel om boka *Syk pike* som handlar om den sårbare naturen og miljøarbeid i nytt perspektiv. Boka blir karakterisert som ein miljøvernthriller.

Marita Liabø er krimfestens lokale forfattare i år. Ho blir også å treffe på bokkaféen. Undervegs løyser vi opp stemninga med musikkinnslag av gruppa Tore Hovde Trio.

*Sal av kaffi og smørbrød – og frå salatbar.*




HÅKON HAUGSBØ

Foto: NRK



MARITA LIABØ



## 20.00 Mord og middag på Quality Førde Hotel

Billett kr 495,- inkludert 3-retters middag. Førehandsal av billetter på Quality Førde Hotel og Servicetorget. Billettsalet blir avslutta fredag 1. oktober kl. 18.

Laurdag kveld inviterer Krimfest Sunnfjord på nytt til Mord og Middag på Quality Førde Hotel. Her vil den svenske teatergruppa Nøjes presentere ei dramtisk mordgåte basert på ei aktuell lokal stridssak som du blir invitert med på å løyse. Gå ikkje glipp av denne sjansen til ei kulinarisk krimoppleving utanom det vanlege!

## Mord og Middags- meny

### FORRETT

Aurefilet frå Jølstra, servert med nypoteter, nypotetsaus, purre og raudbetternig

### HOVUDRETT

Lammefilet frå Førde, servert med selleri-rotpure, timinansjy og steikte, små poteter

### DESSERT

Kvit sjokolademosse på nøttebotn, servert med jordbær og rabarbra-salat.



Arrangert av:

reiseråd  
**Sunnfjord**

Førde, **libris**



Førde kommune kultur



SELJA FORLAG



Støtta av:



NORSK  
KULTURRÅD



Sogn og Fjordane  
Fylkeskommune



Førde Kommune



FRITT ORD

Hovudsponsorar:

**FIRDA**



Quality Hotel Førde

BY CHOICE HOTELS

Andre sponsorar:



SELJA FORLAG



PRICEWATERHOUSECOOPERS 

Handelshuset, **libris** Førde, **libris**



**QVAMAS**



Rekneskapsstenesie



Cappelen Damm • Vigmostad og Bjørke • Piratforlaget

«**Dei andres død er ikkje nok.  
For å kunne skrive, må ein ha  
vore gjennom sin eigen»**

Ragnar Hovland

**Billettinformasjon:**

Billetter kan bestillast på telefon 57 72 19 00, eller kjøpast i Førdehuset, Quality Førde Hotel eller på Servicetorget til Førde kommune.  
Hentefrist er sju dagar etter bestilling. Billetter til arrangement på Quality Førde Hotel til sals i resepsjonen.

Krimweekend på Quality Førde Hotel: Kr 1385,- pr. natt i dobbeltrom frå fredag til søndag inkludert Mord og Middag og bokkaféen laurdag. Kr 1195,- for enkeltrom pr. natt.



Reisemål Sunnfjord, postboks 133, 6801 Førde. Telefon 57 72 19 53, faks 57 72 19 55.

[www.krimfest.no](http://www.krimfest.no)